



Protokoll styremøte for Opro AS
Mandag 06.03.2023 klokka 15.30 på Opro.

Møtt frå styret:

Johannes Bysheim Styreleiar

Lillian Karin Bjørnseth

Tor Magne Mostrøm

Tone Daltveit Mosevoll

Ragnar Eikeland

Øvrige:

Torill Magnussen

Brith Jahne Olsen

Dagleg leiar

Tilsette sin representant

Saksliste:

Sak 08/23 Godkjenning av innkalling og saksliste samt protokoll frå førre møte

Innkalling og saksliste godkjend, protoll frå førre møte utsetjast til neste møte

Sak 09/23 Orientering om drifta v/dagleg leiar

Til orientering.

Sak 10/23 Ombygging av bygningar

Det er mottatt meir detaljert kostnadsoverslag og ombygginga er klar til å ta fatt.

Sak 11/23 Behov for ny varmekjelde

Det vil bli satt opp eit møte med Tore Stokke i Mjeldstad og Stokke og Venty v/Kenneth Helland som leverer ventilasjonsløyisingar snarast. Øystein Njåstad som prosjektleiar i Osterøy kommune vil og bli kontakta for å høyre når fristen for å koble oss på anlegget til Osterøytunet er.

Sak 12/23 Godkjenning av årsrekneskap 2022

Til vitandes. Resultatet viser eit positivt resultat for 2022 på kr 715.430,-.

Sak 13/23 Førebuing til generalforsamling

Lillian Karin Bjørnseth, Tor Magne Mostrøm og Tone Daltveit står på val i styret.

Sak 14/23 Styreevaluering

Styret i Opro AS er samansett av representantar med stor breidde i bakgrunn og erfaring frå relevante område. Ordførar og rådmann er observatør til styret saman med NAV og NFU.

Opro sitt føremål er, «gjennom tilrettelagt arbeid å skapa grunnlag for sysselsetjing i den ordinære arbeidsmarknaden for personar med yrkeshemming».

Utover dette har selskapet, på vegne av eigar i oppgåve å driva aktivitetstilbod for utviklingshemma.

- Det er svært viktig at eigar er representert i styremøta, slik at eigar er orientert om mogelegheiter og utfordringar i selskapet. Like eins er det viktig for selskapet å ha god kjennskap til eigar sine strategiar som kan ha innverknad på selskapets verksemd.
- Det er store endringar i føresetnadane for drifta i åra som kjem.
 - Eigar tar over dagavdelinga, og
 - NAV redusera tildelingar av VTA-plassar.
- Det er særst avgjerande at både NAV og eigar aukar fokus på deira bidrag til å fremja utvikling og vekst i bedrifta.
 - Sikra rekruttering
 - Sikra finansiering
 - Sikra tilgang på relevant arbeidserfaring.
 - Eigar bør sjå på mogelegheita til å oppretta kommunale tiltaksplassar for personar som ligg i område mellom dagavdelinga og VTA-kandidatar.
- Styret er medviten at auka krav til bedriftene under NAV sitt tildelingsregime er svært utfordrande for ei bedrift av OPRO si storleik.
 - Det bør vurderast om det skal gjerast undersøkingar om eventuelle samanslåingar med tilsvarende bedrifter i nabokommunane kunne vore ei god løysing, for å sikra kapasitet og kompetanse i elles små organisasjonar.
- Tett dialog mellom dagleg leiar og styret er viktig. Det inneber at styrets medlemmer må ha både motivasjon og tid til å engasjera seg i selskapet sine aktivitetar.

Sak 15/23 Orientering om vedtak frå NAV

NAV Alver har sagt opp to VTA-plassar med verknad frå 1.november. Grunngevinga er at Osterøy har i snitt fleire VTA-plassar pr innbyggjar enn dei andre kommunene i regionen, samt at vi ikkje har hatt venteliste og no har ledige plassar som dei ønskjer å nytte fleksibelt mellom bedriftene i regionen.

Vi ber om skriftleg begrunnelse samt eit møte med NAV Alver og inviterer med kommunalsjef og NAV Osterøy.



Valestrandsfossen, 09.05.2023

Sak 16/23 Eventuelt

Styremøte 20.juni kl 15.30.

Styresamling for alle styra i attføringsbedriftene i Nordhordland 6.september kl 18-20.

Johannes Bysheim x

Lillian Bjørnseth x

Tor Magne Mostrøm x

Tone Mosevoll x

Ragnar Eikeland x

x. Dei som møtte frå styret

Protokoll går også til:

Ordførar Lars Mostrøm

Rådmann Ingvild Hjelmtveit